

# **ORDENSREGLAR**

## **Rettar og plikter ved Sæbø Skule**

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring  
(Opplæringslova § 9a-1)

Det vil seie at alle elevane :

- har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa deira behov
- skal oppleva tryggleik og sosial tilhør
- skal få ei opplæring tilpassa evnene og føresetnadane hjå den enkelte  
(Opplæringslova § 1-3)

Alle elevar har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei  
(Opplæringslova § 11-2)

Det vil seie at :

- dei tilsette ved skulen skal lytte til elevane i arbeidet med å skapa trivsel, tryggleik og eit godt læringsmiljø.
- skulen skal ha eit aktivt elevråd



Regel:	Dette betyr at:	
<b>1 . Omsyn og respekt</b>	På skulen, SFO og på skulevegen/bussen oppfører eg meg slik at alle kjenner seg trygge.	Vi snakkar fint til og om kvarandre. Vi løyser konfliktar på ein fredeleg måte. Vert du eller andre plaga, sei ifrå til ein vaksen.
	Eg følgjer beskjedar frå dei vaksne som arbeider på skulen og SFO.	For å få eit godt læringsmiljø, og trygge friminutt er det viktig at eg lyttar til alle dei vaksne på skulen og SFO
	På skulen bidreg eg til at alle elevar og tilsette får eit godt læringsmiljø.	Eg brukar inne-stemme. Eg går roleg i gongane, og let andre arbeide i fred. Eg rekk opp handa når eg vil seie noko, og let andre snakka ferdig. Armane mine held eg for meg sjølv. Beina og.
	Eg tek godt vare på skulen vår, og skulen sine bøker og utstyr.	For å få eit godt læringsmiljø, treng vi eit godt skulebygg med eit heilt inventar, heile bøker, blyantar med spiss og datamaskiner som fungerer. Det er viktig at eg tek godt vare på dette.
<b>2. På rett stad til rett tid</b>	Eg er presis til timar og aktivitetar, både om morgonen og etter friminutt/pausar.	Eg kjem til avtalt stad med ein gong det ringer, eller på anna avtalt signal/klokkeslett. Om eg kjem for seint, skal eg liste meg på plass utan å forstyrre undervisninga.
	Eg held meg innanfor skulen sitt område i skule- og SFO-tida.	Eg kjenner til kvar skulegrensene er, og held meg innanfor.
	Yttertøy vert plassert på eigen plass før eg går til undervisning	Eg heng yttertøy opp og set skoa på rett plass på benken Lue/caps er å rekna som yttertøy.
<b>3 Førebuud til timane.</b>	Eg har med meg nødvendig utstyr til skuledagen	Eg er førebudd til timane: -Eg har med bøker, skrivesaker og gymtøy -Eg ha gjort oppgåver eg har ansvar for til rett tid Anna utstyr: -Eg har med høvelege klede til friminutta/SFO og andre aktivitetar -Innesko er nytig! <i>For dei minste elevane må dei føresette ta ansvar for dette.</i>

<b>4. Arbeidsvanar</b>	<p>Eg kjem raskt i gong med oppgåver og aktivitet.</p>	<p>Eg er roleg og finn plassen når eg kjem inn etter friminutta. Eg finn raskt fram det eg treng av bøker og utstyr</p>
	<p>Eg nyttar tida godt og arbeider til det beste for meg sjølv og dei andre i gruppa</p>	<p>Eg har fokus på oppgåvene, og bidreg til god arbeidsro</p>
<b>5. Samarbeid heim/skule</b>	<p>Eg sørger for at informasjon kjem fram mellom heim og skule.</p>	<p>Eg leverer heime informasjon som eg har fått på skulen. Føresette gir melding på telefon/sms kvar dag eg er borte frå skulen. Eg har skriftleg melding i meldeboka etter fråver. Eg har med underskrift frå foreldre skriv /elevarbeid når det er aktuelt.</p>
<b>6. Nettvett og bruk av digitalt utstyr</b>	<p>Eg brukar internett og digitalt utstyr slik tilsette på skulen har sagt til meg.</p>	<p>På skulen har vi datamaskinar fordi dei kan vere nyttige læringsverktøy. Eg brukar berre program og nettstader som er til nytte i undervisninga, og som er avtala med lærar .</p>
<b>7. Utstyr og gjenstandar</b>	<p>Mobiltelefonar er slått av i skuletida. Den skal leverast inn ved skulestart, og ut ved skuleslutt.</p> <p>Anna utstyr/gjenstandar som kan uroe i skuletida, skade eller vere til ulempe for andre, let eg vera att heime.</p>	<p>Mobiltelefon og anna utstyr/gjenstandar kan berre nyttast i skuletida dersom det er avtala med dei vaksne på skulen.</p> <p>Skulen har ikkje erstatningsansvar om utstyr og/eller gjenstandar vert øydelagd, mista eller stole.</p>
<b>8. Mat</b>	<p>På skulen et eg mat som er sunn og næringsrik. Det gjeld mat heimanfrå eller mat frå kantina.</p>	<p>I samband med utflyktar og liknande kan eleven ta med seg anna mat etter avtale med dei vaksne på skulen/SFO</p> <p>Eg kan ha med halsdrops om eg har vondt i halsen og melding frå føresette, men eg har ikkje lov å dele med andre.</p> <p>Snop, tyggis, drops, brus etc. har eg ikkje med meg.</p>

## **Sanksjonar ved brot på ordensreglane:**

- Samtale med vaksen, og saka vert notert.
- Bortvisning frå ulike situasjonar i undervisning og friminutt. Dette kan også få følgjer for neste undervisningsøkt/friminutt.
- Samtale med heimen.
- Ved gjentaking av negativ åtferd mot andre, gjeld «Handlingsplan mot mobbing». Ved alvorlege tilfelle, kan eleven bortvisast frå skulen. (Opplæringslova..)
- Ved øydelegging av skulen sitt bygg og anna utstyr, kan foreldre få erstatningskrav på inntil 5000,- kr. (Skadeerstatningslov §1.2)
- Når det gjeld mobiltelefon og anna utstyr, har skulen ikkje erstatningsansvar om det vert øydelagt, mista eller stole. Utstyr og andre gjenstandar som likevel vert teken med på skulen, kan dei vaksne ta inn for resten av dagen.
- Snop/tyggis/drops/brus vert teken frå eleven

Vedlegg til ordensreglane: Skjema for rapportering (internt), månadsskjema, vekeskjema, slik gjer vi det, kva er skulen, heim og elev sitt ansvar.

# Skjema for rapportering av regelbrot – Sæbø skule

(til internt bruk)

Regel	X	Dato:..... Kl..... Elev:.....
<b>1. Omsyn og respekt</b> På skulen, SFO og på skulevegen/bussen oppfører eg meg slik at alle kjenner seg trygge.  Eg følgjer beskjedar frå dei vaksne som arbeider på skulen og SFO.  På skulen bidreg eg til at alle elevar og tilsette får eit godt læringsmiljø. Eg tek godt vare på skulen vår, og skulen sine bøker og utstyr.		_____ _____ _____
<b>2. På rett stad</b> Eg er presis til timer og aktivitetar, både om morgonen og etter friminutt/pausar. Eg held meg innanfor skulen sitt område i skule- og SFO-tida. Yttertøy vert plassert på eigen plass før eg går til undervisning		_____ _____
<b>3. Førebudd til timane.</b> Eg har med meg nødvendig utstyr til skuledagen		_____ _____
<b>4. Arbeidsvanar</b> Eg kjem raskt i gong med oppgåver og aktivitet. Eg nyttar tida godt og arbeider til det beste for meg sjølv og dei andre i gruppa		_____ _____
<b>5. Samarbeid heim/skule</b> Eg sørger for at informasjon kjem fram mellom heim og skule.		_____ _____
<b>6. Nettvett og bruk av digitalt utstyr</b> Eg brukar internett og digitalt utstyr slik tilsette på skulen har sagt til meg.		_____
<b>7. Utstyr og gjenstandar</b> Mobiltelefonar er slått av i skuletida. Den skal leverast inn ved skulestart, og ut ved skuleslutt. Anna utstyr/gjenstandar som kan uroe i skuletida, skade eller vere til ulempe for andre, let eg vera att heime.		_____ _____
<b>8. Mat</b> På skulen et eg mat som er sunn og næringsrik. Det gjeld mat heimanfrå eller mat frå kantina. Snop, tyggis, drops, brus etc. har eg ikkje med meg.		_____ _____

Sign. vaksen observatør.....

Sign. kontaktlærar.....

Logga dato .....

# Månadsskjema for ..... Sæbø skule, ..... månad 20.....

Regel	Må verte betre	På god veg	God	Kommentar
<b>1. Omsyn og respekt</b> På skulen, SFO og på skulevegen/bussen oppfører eg meg slik at alle kjenner seg trygge.  Eg følgjer beskjedar frå dei vaksne som arbeider på skulen og SFO.  På skulen bidreg eg til at alle elevar og tilsette får eit godt læringsmiljø. Eg tek godt vare på skulen vår, og skulen sine bøker og utstyr.				Frå skulen:
<b>2. På rett stad</b> Eg er presis til timer og aktivitetar, både om morgonen og etter friminutt/pausar. Eg held meg innanfor skulen sitt område i skule- og SFO-tida. Yttertøy vert plassert på eigen plass før eg går til undervisning				
<b>3. Førebudd til timane.</b> Eg har med meg nødvendig utstyr til skuledagen				
<b>4. Arbeidsvanar</b> Eg kjem raskt i gong med oppgåver og aktivitet. Eg nyttar tida godt og arbeider til det beste for meg sjølv og dei andre i gruppa				
<b>5. Samarbeid heim/skule</b> Eg sørger for at informasjon kjem fram mellom heim og skule.				
<b>6. Nettvett og bruk av digitalt utstyr</b> Eg brukar internett og digitalt utstyr slik tilsette på skulen har sagt til meg.				Frå heimen:
<b>7. Utstyr og gjenstandar</b> Mobiltelefonar er slått av i skuletida. Den skal leverast inn ved skulestart, og ut ved skuleslutt. Anna utstyr/gjenstandar som kan uroe i skuletida, skade eller vere til ulykke for andre, let eg vera att heime.				
<b>8. Mat</b> På skulen et eg mat som er sunn og næringsrik. Det gjeld mat heimanfrå eller mat frå kantina. Snop, tyggis, drops, brus etc. har eg ikkje med meg.				God = 0-2 merknader, På god veg = 3-5 merknader, Må verte betre = 5+ merknader

Sign. kontaktlærar:.....

Sign. elev.....




Sign. føresett.....

Lever tilbake til skulen

# VEKERAPPORT



Veke ..... Namn: .....

Ordens-regel	Øvingsmål			Vurdering
Omsyn og respekt				 0 kryss: Grønt lys med smil
Omsyn og respekt	Eg er grei med alle	-fysisk		 1 – 7 kryss: Gult lys med flat munn
		-verbalt		 Meir enn 7 kryss: Raudt lys
Kommentar:				

Elevane får kryss ved regelbrot etter påminning. Lever tilbake til skulen påfølgande måndag.

Sign. kontaktlærar:.....

Sign. elev:.....

Sign. føresett:.....

## Slik gjer vi det:

- Kven skal notere regelbrot?  
-den som ser det av dei vaksne, uavhengig av stilling
- Kor skal regelbrot noterast?  
-noter på skjema som heng tilgjengeleg fleire stader  
-legg skjema i kontaktlærar si hylle  
-kontaktlærar loggfører og set i perm
- Kven skal det sendast månadsskjema til?  
-til 3.-7.klasse  
-2.klasse: Vekeskjema til alle med målsettingar frå skulen sine ordensreglar  
-1.klasse: Vekeskjema til alle med målsettingar frå skulen sine ordensreglar
- Kor ofte skal det sendast ut månadsskjema?  
-første veka i kvar månad

Eg går på skulen  
for å **LÆRA**😊

Eg **SNAKKAR FINT**  
til og om andre😊

Eg løyser konfliktar på  
ein **FREDELEG** måte😊

Eg møter til  
**RETT TID**😊



Eg er **ROLEG**  
i skulebygget

Eg møter  
**FØREBUDD**  
til skuledagen😊

Eg har **FOKUS** på  
oppgåva mi😊

Eg oppfører meg slik  
at alle er **TRYGGE**